

HAVBRUK

FLEKSIBLE FLYT
STANDARD - Ventilerte hall



HAVBRUK

Advarer om rekefeltene

Opplysningsvesenetskontoret har utarbeidet en rapport om rekefeltene i kystsona. Rapporten er tilgjengelig på www.fiskeridir.no.

FBFI 20. april 2011

- Dialog er nøkkelen

- Dialog er nøkkelen

det, meiner avdelingsdirektør Yngve Torgersen frå Fiskeri- og Kystdepartementet.

Han seier det er ikkje sikkert at ein erfaren fiskar som har teke fiskehøgskule, og høgt utdanna akademikarar snakkar same språket sjølv om dei møtast.

- Det må ein gjere noko med, seier Torgersen. Viss det ikkje går lokalt får ein ta dialogen på høgare plan, først regionalt og så sentralt. Han fortel vidare at dei lokale fiskarlag må bistå sine medlem og er eit viktig ledd opp mot kommunane.


Torgersen seier dei skjønner kva som vert sagt om arealkonflikter mellom dei ulike næringane ved kysten.

- Vi er oppmerksomme på tinga som vert teke opp og noko er riktig. Ting som vi har sett på. Og vi har blant anna sagt til Havforskningsinstituttet at dei må kartlegge viktige gytefelt, seier han. Vidare fortel Torgersen at no er det ikkje lov å plassere oppdrettsanlegg over gytefelt for forsk.

- Det er ikkje mange år sidan det var lov å gjere, fortel han. Torgersen sitt bidrag til møtet mellom dei ulike partane ved kysten tok utgangspunkt i utfordringar i arealdisponering som har betydning for mange element som lokalisering og planlegging.



Yngve Torgersen



KYSTSONA: Arealkonflikter og framtidsperspektiv i habruksnæringa vart belyst og diskutert ved årets Kursdagar arrangert av NTNU og Tekna i Trondheim. FOTO: ELISE ÅRDAL

Aktørane må samarbeide

KYSTSONA

Dei ulike aktørane må samarbeide og vere med frå byrjinga av når samarbeidet skal fordelas.

Elise Årdal
Trondheim

Det er bodskapen etter at arealkonflikter og framtidsperspektiv i habruksnæringa vart belyst og diskutert ved årets Kursdagar arrangert av NTNU og Tekna i Trondheim.

Næringar som fiskeri, forskning, forvaltning, fiskeri og kystdepartementet vart inviterte til NTNU for å snakke sin sak.

- Vi vil belyse ulike interesser ein har i kystsona i dag, konflikter og kor vegen går vidare, seier Mads Martinsen frå Skretting Aquaculture Research Centre.

Samarbeid

Representant frå Fiskarlaget Nord, Arvid Ahlquist, poengterte i sitt foredrag at dei ulike aktørane må samarbeide og

vere med frå byrjinga av. Han meiner dei må vere med både som premisgjeverar og informantar.

- Når planmyndighetene startar sin prosess med rullerande kystsonoplan så involverast ikkje dei lokale fiskarlag, fortel Ahlquist. Vidare seier han at ein vil få ein mangel i planprosessen der vesentlege deltakarar ikkje får vere med.

- Ein har sett tidlegare at alle partar har vore meir samkjørte når alle har fått vore med frå byrjinga, og ikkje berre når høyringa byrja. Han nemner kommunar som har gjort det til dels vanskeleg å få ut plan-dokument av prosessen.

Ikke alle

Representant frå Kystplan Helgeland, Mona Gilstad, seier det ikkje er alle kommunar som



Arvid Ahlquist



Jahn Petter Johnsen

Det er omfattande oppgaver og tunge planprosesser for enkeltkommunar. Ein bør samarbeide meir om desse

Jahn Petter Johnsen, førsteamanuensis ved Norges Fiskerihøgskole

har det slik langs kysten som Ahlquist nemner.

- Vi er nett i oppstartfasen og har laga eit planprogram for å informere alle partar innanfor vårt areal, seier Gilstad. Ho fortel vidare at medbestemmelse er ivareteke i plan og byggingsslova i kystsona. Målet er å få til ein sameksistens.

- Helgeland har mykje areal og kan brukast både til oppdrett utan å gjere det vanskeleg for andre interessantar, avsluttar Gilstad.

Godt å høyre

- Eg tykkjer det er godt å høyre at mange kommunar langs kysten er flinke til å involvere alle partar, seier Ahlquist til Gilstad

sitt innlegg om arealplanlegging langs kysten.

- Den optimale situasjonen er både et velfungerande kystfiske på solide lokale bestandar av dei ulike artane og bærekraftig akvakultur som basissnæringar, seier Ahlquist.

Målet med dette møtet slik han ser det er å belyse og få med politikarane slik dei ser kva dei kan og bør gjere støtte til. Han meiner ein kan finne løysingar på korleis oppdrettsnæringa og kystflåten kan utvikle seg saman og deretter bidra i den nasjonale økonomien på lik line med fiskeriflåta.

Regionale planar

Jahn Petter Johnsen, Førsteamanuensis ved Norges Fiskerihøgskole seier med tanke på trøndelagskysten at det er meir hensiktsmessig å lage regionale planar og så gå lokalt og iverksette interessa til dei ulike aktørane.

- Det er omfattande oppgaver og tunge planprosesser for enkeltkommunar. Ein bør samarbeide meir om desse, meiner Johnsen.

elise.ardal@fbfi.no
Telefon: 55 21 33 06

Til Røst i vinter?
Vi har ledige "linbuer" for vinteren 2013.
Vi kjøper gjerne kvalitetsfisk.



A. JOHANSEN AS
8064 RØST
Tlf: 76096209